

## Møteinnkalling

<b>Utval:</b>	<b>Vestlandsrådet</b>
<b>Møtestad:</b>	Fjernmøte/video
<b>Dato:</b>	11.11.2020
<b>Tid:</b>	09:00

Lenke for oppkopling til fjernmøte vert sendt pr e-post eit par dagar før møtet.

### Program

Kl. 09:00- Saksbehandling

Oppmodar om at avklaring om habilitet vert meldt i forkant av møtet.

### Melding om forfall:

**Til dette møtet har Tove-Lise Torve meldt forfall. Vara Line Hatmosø Hoem er kalla inn.**

Dersom nokon av rådet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast til [Politisk@vlfk.no](mailto:Politisk@vlfk.no)

Innkallinga gjeld valde medlemmer i Vestlandsrådet. Ved eventuelt forfall frå faste medlemmer vil varamedlemmer bli kalla inn særskilt.



Jon Askeland

leiar

## Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Arkiv- saksnr	U.Off
	<b>Godkjenningssaker</b>		
GK 10/20	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
GK 11/20	Godkjenning av møteprotokoll frå møte, 10.september 2020	2020/36935	
	<b>Referatsaker</b>		
RS 7/20	Vestlandsrådet - Internasjonalt arbeid	2020/36933	
RS 8/20	Uttale til transport- og kommunikasjonskomiteen om ferjefinansiering	2020/36935	
	<b>Politiske saker</b>		
PS 19/20	Fråsegn frå Vestlandsrådet: Ønske om insentivpakke for nullutsleppsfly	2020/74987	
PS 20/20	Næringsstrategi for Vestlandet - Mandat og styringsgruppe	2020/36937	
PS 21/20	Politisk plattform for Vestlandsrådet 2020-2023	2020/36935	

## **Godkjenningssaker**

**GK 10/20 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste**

## Saksframlegg

---

**Saksnr:** 2020/36935-27  
**Saksbehandlar:** Thorbjørn Aarethun

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Vestlandsrådet		11.11.2020

---

Godkjenning av møteprotokoll frå møte, 10.september 2020

Møteprotokoll frå møte i Vestlandsrådet, 10.september 2020 er vedlagt.

**Møteprotokoll**

<b>Utval:</b>	<b>Vestlandsrådet</b>
<b>Møtestad:</b>	Digitalt fjernmøte
<b>Dato:</b>	10.09.2020
<b>Tid:</b>	09:00 -14:00

**Alle faste medlemmer møtte:**

Namn	Funksjon	Representere	Merknad
Jon Askeland	Leiar	SP	
Natalia Golis	Medlem	MDG	
Anne Gine Hestetun	Medlem	AP	
Trude Brosvik	Medlem	KRF	
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H	
Terje Søviknes	Medlem	FRP	
Marianne Chesak	Medlem	AP	
Solveig Ege Tengesdal	Medlem	KRF	
Arne Bergsvåg	Medlem	SP	
Alexander Rugert-Raustein	Medlem	MDG	
Ole Ueland	Medlem	H	
Margrete Dysjaland	Medlem	FRP	
Tove-Lise Torve	Medlem	AP	
Per Vidar Kjølmoen	Medlem	AP	
Randi Walderhaug Frisvoll	Medlem	KRF	
Jan Ove Tryggestad	Medlem	SP	
Frank Sve	Medlem	FRP	
Anders Riise	Medlem	H	

**Frå administrasjonen møtte:**

Namn	Stilling
Rune Haugsdal	Fylkesrådmann, Vestland
Inge Smith Dokken	Fylkesrådmann, Rogaland
Robert Løvik	Seksjonsleiar, Møre og Romsdal
Jan Heggheim	Seksjonsleiar, Vestland
Bård Sandal	Fylkesdirektør, Vestland
Thorbjørn Aarethun	Sekretariatsleiar

## Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Arkiv- saksnr	U.Off
	<b>Godkjenningssaker</b>		
GK 8/20	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
GK 9/20	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i Vestlandsrådet, 25.juni 2020	2020/36935	
	<b>Referatsaker</b>		
RS 6/20	Arbeid med politisk plattform for Vestlandsrådet 2020-2023	2020/36935	
	<b>Politiske saker</b>		
PS 15/20	Næringsstrategi for Vestlandet - prosjektorganisering	2020/36937	
PS 16/20	Nullutsleppskrav i verdsarvfjordane - uttale	2020/36935	
PS 17/20	Prosjekt for tiltak mot marin forsøpling - status og vidareføring	2020/36934	
PS 18/20	Hydrogenstrategi - status og vidare arbeid	2020/36937	

## Godkjenningssaker

### **GK 8/20 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste**

Saksprotokoll i Vestlandsrådet - 10.09.2020

Møteinnkalling og sakliste vart samrøystes godkjent

### **GK 9/20 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i Vestlandsrådet, 25.juni 2020**

Saksprotokoll i Vestlandsrådet - 10.09.2020

Møteprotokoll frå møte i Vestlandsrådet 25.juni 2020, vart samrøystes godkjent.

## Referatsaker

### **RS 6/20 Arbeid med politisk plattform for Vestlandsrådet 2020-2023**

Saksprotokoll i Vestlandsrådet - 10.09.2020

RS 6/20 var referert og drøfta.



# Politiske saker

## PS 15/20 Næringsstrategi for Vestlandet - prosjektorganisering

### Forslag til vedtak

1. Vestlandsrådet stiller seg bak det skisserte opplegget for organisering og framdrift i arbeidet med ein overordna næringsstrategi for Vestlandet.
2. Vestlandsrådet peiker ut følgjande rådsmedlemer i styringsgruppa for arbeidet:
  - 1....., leiar av styringsgruppa
  - 2.....
  - 3.....
3. Vestlandsrådet ber om at det vert sett i gang eit forprosjekt for avklaring av mandat for vidare arbeid med overordna næringsstrategi for Vestlandet, og at dette vert lagt fram for handsaming i Vestlandsrådet.
4. Vestlandsrådet nyttar inntil kr 500.000,- av egne midlar til arbeidet med overordna næringsstrategi for Vestlandet.

### Saksprotokoll i Vestlandsrådet - 10.09.2020

**Jon Askeland (SP)** sette fram følgjande forslag til medlem i styringsgruppa, pkt 2 i innstillinga;

Tor Andre Ljosland

**Marianne Chesak (AP)** sette fram følgjande forslag til medlem i styringsgruppa, pkt 2 i innstillinga;

Solveig Ege Tengesdal

**Tove-Lise Torve (AP)** sette fram følgjande forslag til medlem i styringsgruppa, pkt 2 i innstillinga;

Per Vidar Kjølmoen

### Avrøysting

Jon Askeland sitt forslag vart samrøystes vedteke

Marianne Chesak sitt forslag vart samrøystes vedteke

Tove-Lise Torve sitt forslag vart samrøystes vedteke

Fylkesrådmannen si innstilling vart samrøystes vedteke

### Vedtak

1. Vestlandsrådet stiller seg bak det skisserte opplegget for organisering og framdrift i arbeidet med ein overordna næringsstrategi for Vestlandet.
2. Vestlandsrådet peiker ut følgjande rådsmedlemer i styringsgruppa for arbeidet:
  - Tore Andre Ljosland
  - Solveig Ege Tengesdal
  - Per Vidar Kjølmoen
3. Vestlandsrådet ber om at det vert sett i gang eit forprosjekt for avklaring av mandat for vidare arbeid med overordna næringsstrategi for Vestlandet, og at dette vert lagt fram for handsaming i Vestlandsrådet.
4. Vestlandsrådet nyttar inntil kr 500.000,- av egne midlar til arbeidet med overordna næringsstrategi for Vestlandet.

## PS 16/20 Nullutsleppskrav i verdsarvfjordane - uttale

Forslag til vedtak

Vestlandsrådet vedtek forslag til uttale om nullutslepp i verdsarvfjordane slik det ligg føre i saksframlegget.

**Saksprotokoll i Vestlandsrådet - 10.09.2020**

**Jon Askeland (SP)** sette fram slikt forslag;

«Vestlandsrådet avgir ikkje uttale om nullutsleppskrav i verdsarvfjordane.»

**Avrøysting**

Jon Askeland sitt forslag vart samrøystes vedteke

**Vedtak**

Vestlandsrådet avgir ikkje uttale om nullutsleppskrav i verdsarvfjordane.

## PS 17/20 Prosjekt for tiltak mot marin forsøpling - status og vidareføring

Forslag til vedtak

1. Vestlandsrådet godkjenner årsrapport 2019 for prosjektet «Tiltak mot marin forsøpling».
2. Vestlandsrådet godkjenner sluttrapport for prosjektet «Tiltak mot marin forsøpling».
3. Vestlandsrådet stiller seg bak strategi for marin forsøpling: «Ein plastfri fylkeskommune, ein plaststrategi for Vestlandet».
4. Vestlandsrådet ber om at denne strategien vart oversendt til fylkeskommunal handsaming, blir fylgt opp og implementert i medlemsfylka.
5. Vestlandsrådet legg til grunn at arbeidet med tiltak mot marin forsøpling vert vurdert vidareført i eit samarbeid mellom medlemsfylka, som ei felles koordinert satsing for heile Vestlandet. Fylkeskommunane avklare roller, mål og finansiering av ein eventuell vidareføring.  
Vestlandsrådet ber Vestland fylkeskommune ta initiativ til eit eventuelt vidare samarbeid om prosjektet tiltak mot marin forsøpling

**Saksprotokoll i Vestlandsrådet - 10.09.2020**

**Avrøysting**

Fylkesrådmann si innstilling vart samrøystes vedteke.

**Vedtak**

1. Vestlandsrådet godkjenner årsrapport 2019 for prosjektet «Tiltak mot marin forsøpling».
2. Vestlandsrådet godkjenner sluttrapport for prosjektet «Tiltak mot marin forsøpling».
3. Vestlandsrådet stiller seg bak strategi for marin forsøpling: «Ein plastfri fylkeskommune, ein plaststrategi for Vestlandet».
4. Vestlandsrådet ber om at denne strategien vart oversendt til fylkeskommunal handsaming, blir fylgt opp og implementert i medlemsfylka.
5. Vestlandsrådet legg til grunn at arbeidet med tiltak mot marin forsøpling vert vurdert vidareført i eit samarbeid mellom medlemsfylka, som ei felles koordinert satsing for heile Vestlandet. Fylkeskommunane avklare roller, mål og finansiering av ein eventuell vidareføring. Vestlandsrådet ber Vestland fylkeskommune ta initiativ til eit eventuelt vidare samarbeid om prosjektet tiltak mot marin forsøpling.

## PS 18/20 Hydrogenstrategi - status og vidare arbeid

Forslag til vedtak:

1. Vestlandsrådet ser det som viktig at det vert arbeidd vidare med å legge til rette for hydrogen som drivstoffkjelde for tunge køyretøy og snøggåtar, og ber om at dei tre fylkeskommunane Rogaland, Vestland og Møre og Romsdal vurderer å vidareføre prosjektet «Hydrogenstrategi Vest» i eit samarbeid som ei felles satsing for heile Vestlandet. Fylkeskommunane avklarar deling av administrative ressursar og prosjektfinansiering.
2. Vestlandsrådet ber Vestland fylkeskommune ta initiativ til eit vidare samarbeid om prosjektet «Hydrogenstrategi Vest» .

### Saksprotokoll i Vestlandsrådet - 10.09.2020

#### Avrøysting

Fylkesrådmannen si innstilling vart samrøystes vedteke.

#### Vedtak

1. Vestlandsrådet ser det som viktig at det vert arbeidd vidare med å legge til rette for hydrogen som drivstoffkjelde for tunge køyretøy og snøggåtar, og ber om at dei tre fylkeskommunane Rogaland, Vestland og Møre og Romsdal vurderer å vidareføre prosjektet «Hydrogenstrategi Vest» i eit samarbeid som ei felles satsing for heile Vestlandet. Fylkeskommunane avklarar deling av administrative ressursar og prosjektfinansiering.
2. Vestlandsrådet ber Vestland fylkeskommune ta initiativ til eit vidare samarbeid om prosjektet «Hydrogenstrategi Vest» .

## **Referatsaker**

**RS 7/20 Vestlandsrådet - Internasjonalt arbeid**

---

**Saksnr:** 2020/36933-10  
**Saksbehandlar** Katharine Louise Clarke  
**Dato:** 19.10.2020

---

---

**Til:** Vestlandsrådet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

## Vestlandsrådet – endringar i internasjonalt arbeid

Fylkesrådmannen vil gjere Vestlandsrådet merksam på endringar i ansvar og rolle inn mot internasjonale oppgåver.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) har delegert fire verv knytt til norske internasjonale forhold til Vestlandsrådet. Vestlandsrådet fordelte desse oppgåvene mellom dei fire fylka i 2007.

Tre av desse oppgåvene fell vekk frå 2021 i samband med regionreforma og den nye programperioden for Interreg.

Desse fire verva er:

- Administrativt nasjonalt kontaktpunkt for Interreg Nordsjøprogrammet (Hordaland)
- Politisk representant i Europapolitisk forum (Møre og Romsdal)
- Administrativ representant i den tilhøyrande administrative kontaktgruppa i Europapolitisk forum (Rogaland).
- Administrativ representant i styringskomitéen for Nordatlantisk samarbeid (NORA), ivareteke av Sogn og Fjordane.

Det har dei siste åra vore praksis å rapportere frå alle desse verva på kvart møtet i Vestlandsrådet.

KMD har endra organiseringa av nasjonale kontaktpunkt for Interreg-programma. For den nye programperioden 2021-2027 har KMD tildelt oppgåva som nasjonalt kontaktpunkt for Interreg Nordsjøprogrammet til Vestland fylkeskommune (sjå vedlegg). Av formelle grunnar er det difor ikkje lenger relevant med rapportering til Vestlandsrådet for desse oppgåvene. Det er likevel ein fordel at alle dei tre vestlandsfylka har auka fokus på deltaking i Interreg Nordsjøprogrammet 2021-2027, blant anna fordi programmet skal følgje opp Nordsjøstrategien.

Europapolitisk forum har endra form og det skal no berre vere eit møte i året. Alle fylka har ein representant i forumet frå 2021, når det nye forumet startar opp. Kontaktgruppa er avvikla, og KS tek over organiseringa saman med KMD.

Det er ingen endringar i vervet knytt til NORA. Vestland fylkeskommune held difor fram med å gjennomføre desse oppgåvene, herunder rapportering til Vestlandsrådet.

Det er viktig at Vestlandsrådet held fram med å vere aktiv i diskusjonar som påverkar rammevilkår og forvaltning av Nordsjøregionen. Vestlandsfylka står sterkare når dei samarbeider for å påverke norske myndigheiter og norsk forvaltning. Vestlandsrådet kan koordinere innspel i eventuelle europeiske og norske høyringar for å sikre gode rammevilkår for Vestlandet.

Det er nokre gongar ei utfordring med slik koordinering grunna korte fristar. Fylkesrådmannen har administrative ressursar som kan overvake dette, i eit samarbeid med dei to Brussel-kontora.

Fylkesrådmannen vil derfor vidareføre det administrative samarbeidet på tvers av fylkesgrensene om internasjonale oppgåver, som grunnlag for eventuell koordinering i Vestlandsrådet i aktuelle spørsmål på dette området.



DET KONGELIGE KOMMUNAL-  
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Vestland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Deres ref

Vår ref

Dato

20/2938-1

15. juni 2020

## Norges deltakelse i Interreg 2021-2027 – Programforberedelser og forvaltningsorganisering

Regjeringen har besluttet at Norge skal delta i Interreg VI for programperioden 2021-2027 i Meld. St. 5 (2019-2020) Levende lokalsamfunn for fremtiden.

I dette brevet redegjøres for **hvilke** program Norge skal delta i. Allokering av statlige Interreg-midler til de respektive program skjer på årlig basis etter at Stortinget har vedtatt Statsbudsjettet.

Norge viderefører deltakelse i Interreg innenfor rammen av dagens programstruktur og har vektlagt følgende kriterier for deltakelse:

1. Distriktsprofil i programmene
2. Bredde i programporteføljen
3. Konsekvenser for samarbeidsland, dersom Norge skulle trekke seg ut
4. Minst mulig geografisk overlapp
5. Forenklet forvaltningsorganisering
6. Alle fylker skal ha tilgang til Interreg

Den relative fordelingen av bevilgningen mellom programtypene vil i hovedsak videreføres, der de *grenseregionale* A-programmene får den største andelen, dernest de *transnasjonale* B-programmene, mens den laveste andelen går til de *interregionale* C-programmene. EUs endelige fordelingsnøkler vil være veiledende også for den norske fordelingen. Departementet legger følgende geografiske inndeling til grunn for neste periode:

Postadresse  
Postboks 8112 Dep  
0032 Oslo  
postmottak@kmd.dep.no

Kontoradresse  
Akersg. 59  
www.kmd.dep.no

Telefon\*  
22 24 90 90  
Org.nr.  
972 417 858

Avdeling  
Regionalpolitisk  
avdeling

Saksbehandler  
Jan Edøy  
22 24 70 34

- Interreg Botnia-Atlantica slås sammen med Interreg Nord. Sammenslåingen er også ønsket av finske og svenske nasjonale myndigheter.
- Interreg Sverige Norge og Interreg Øresund Kattegat Skagerak skal ha en funksjonell tilpasning med minst mulig geografisk overlapp på norsk side.
- Det blir ingen endringer i geografien for Kolarctic-programmet.
- Interreg Østersjøen vil omfatte alle fylkene i Sør-Norge til og med Møre og Romsdal.
- Interreg Nordsjøen vil omfatte alle fylkene i Sør-Norge inklusive Trøndelag.
- Interreg Nordlig Periferi og Arktis vil omfatte de tre nordligste fylkene.
- Deltakelse videreføres i alle Interreg C-programmer – åpent for alle fylker.

I kommende periode vil en enklere og mer effektiv forvaltning av programmene vektlegges. Herunder en mer forenklet og effektiv forvaltningsorganisasjon av de grenseregionale programmene på norsk side. Departementet har følgende forslag til forvaltningsstruktur for A programmene:

- Troms-Finnmark fylkeskommune skal ha ansvar for forvaltningsorganisasjonen på norsk side for Interreg Nord/BA 2021-2027 og Kolarctic.
- Innlandet fylkeskommune skal ha ansvar for forvaltningsorganisasjonen på norsk side for Interreg Sverige-Norge 2021-2027.
- Viken fylkeskommune skal ha ansvar for forvaltningsorganisasjonen på norsk side for Interreg Øresund Kattegat Skagerak 2021-2027.

Departementet har følgende forslag til struktur mht nasjonale kontaktpunkt for B og C programmene:

- Nordland fylkeskommune som nasjonalt kontaktpunkt for Interreg Nordlig Periferi og Arktis.
- Vestland fylkeskommune for Interreg Nordsjøen
- Østlandssamarbeidet for Østersjøprogrammet
- Agder fylkeskommune for Interreg Europa
- Innlandet fylkeskommune for ESPON-programmet

Programutviklingen er i ferd med å starte opp i de fleste program. Norske nasjonale myndigheter er i tett dialog med Sverige og Finland om de grenseregionale programmene. Sverige har allerede sendt oppdragsbrev om igangsetting til flere av sine respektive regioner etter konsultasjon med Norge. Det er de svenske og finske regionene som har hovedansvar for å koordinere utarbeidelsen av de grenseregionale programmene.

Fylkeskommunene vil også i neste programperiode ha et særlig ansvar for utvikling og involvering samt forvaltning og gjennomføring av de grenseregionale programmene Norge deltar i.

Troms-Finnmark, Nordland, Trøndelag, Agder, Vestfold Telemark, Innlandet og Viken samt Sametinget gis herved i oppdrag å utarbeide programforslag for de respektive grenseregionale Interreg A-programmene i samarbeid med svenske, danske og finske regioner. Norge følger de samme frister som svenske og finske regioner.

Når det gjelder utarbeidelse av B- og C-programmene vil departementet sammen med kontaktpunktene involvere berørte fylkeskommuner og andre interessenter.



Kommunal- og moderniseringsdepartementet vil delta aktivt i programutviklingen for at de nye programmene skal bidra til å reflektere målene i distrikts- og regionalpolitikken. Departementet vil også involvere andre relevante og potensielle statlige aktører tidlig i programutviklingen. I tillegg vil departementet være opptatt av tematisk koordinering mellom programmene og diskutere behov for endringer i styringsstrukturen for programmene.

Med hilsen

Gerd Slinning (e.f.)  
avdelingsdirektør

Jan Edøy  
spesialrådgiver

*Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer*

Transport- og kommunikasjonskomiteen på Stortinget

## Vestlandet treng ei leveleg ferje- og snøggbåtfinansiering

**Fylkeskommunane på Vestlandet vil levere på Stortinget sitt ønske om utsleppsfrie ferjer, men då må løyvingane stå i stil med dei faktiske kostnadene for ei slik satsing. Forslaget til statsbudsjett 2021 legg ikkje opp til å gje fylkeskommunane økonomisk handlingsrom nok til å sikre eit framtidsetta og attraktivt ferjetilbod for trafikantar og næringsliv på Vestlandet utan svært negative konsekvensar for brukarane eller andre fylkeskommunale tenester.**

Hordaland fylkeskommune fekk åleine 300 millionar kroner i auka årlege driftskostnader då dei gjekk over til utsleppsfrie ferjer. I sommar vart ferjefylka tildelt samla 150 millionar på deling. Det hjelper, men det står ikkje i forhold til dei faktiske kostnadane ein her har med å gjere. Dei auka kostnadane med utsleppsfrie ferjer vil koste oss om lag det same kvart år framover. Då må også statsbudsjettet innarbeide eit kompensasjonsopplegg som løyser finansieringsutfordringa for ferjefylka. Også den viktige snøggbåt drifta langs kysten og i fjordbassenga er under press. Med regjeringa si innføring av det såkalla kystlinjeprinsippet, er Rogaland fylkeskommune no i ein situasjon kor vidareføring av båt rutene i fylket er underfinansiert med 90 millionar kroner.

### Smertefulle salderingar og ferjeopprør

Når dei økonomiske rammene ikkje er tilpassa denne satsinga, vert resultatet høgare takstar eller at det må gjerast smertefulle kutt andre stader for å saldere budsjetta våre. Og det merkast, med dei summene det her er tale om. På grunn av dei auka kostnadene, har det tvinga seg fram høgare billettprisar som utløyser sterke lokale reaksjonar.

I Møre og Romsdal er takstane høgare enn dei bør vere, og konsekvensane for trafikantar og næringsliv i bu- og arbeidsmarknadane er store. Fleire historiar i media fortel om personar som må seie opp jobben eller flytte som ein konsekvens av takstane. Det gjer inntrykk, og for små lokalsamfunn kan slikt vere kritisk. Då kan resultatet bli eit nytt og endå større ferjeopprør enn det vi har sett tidligare.

Vestlandsrådet forventar at forhandlingane om statsbudsjettet for 2021 endar opp med kompensasjonsordningar som gjer at fylkeskommunane får handlingsrom til å levere eit ferje- og snøggbåttilbod i samsvar med krav til reduksjon i klimagassutsleppa og brukarane sine transportbehov. Det er svært uheldig at auka kostnader i dette nødvendige transporttilbodet må salderast med urimeleg takstauke eller kutt i andre viktige fylkeskommunale tenester.

Med helsing

Jon Askeland  
Leiar i Vestlandsrådet

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

## **Politiske saker**

**PS 19/20 Fråsegn frå Vestlandsrådet: Ønske om insentivpakke for nullutsleppsfly**

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Vestlandsrådet		11.11.2020

## Fråsegn frå Vestlandsrådet: Ønske om insentivpakke for nullutsleppsfly

Forslag til vedtak:

*Fråsegn til Samferdselsdepartementet, Transport- og kommunikasjonskomiteen og Energi- og miljøkomiteen på Stortinget:*

*Vestlandsrådet ønskjer at det no skal lagast ein statleg pakke med økonomiske insentiv for nullutsleppsfly. Vestlandsrådet ønskjer at marknaden skal stimulerast til å ta i bruk nullutsleppsfly tidleg og at flyselskap og fylkeskommunar tidleg veit kva for økonomiske rammer ein har å forhalda seg til. Ein slik pakke for nullutsleppsfly bør til dømes innehalde fritak frå flypassasjeravgift (som føreslått i statsbudsjettet for 2021), fritak for moms på flybillettar og reduserte brukaravgifter til Avinor.*

## Samandrag

Luffart er ein viktig del av mobiliteten på Vestlandet, og kan med nullutsleppsfly i framtida bli Vestlandets eigen intercity. Omstillinga til nullutsleppsteknologi i luftfarten har allereie komet langt, og fylkeskommunane vil spille ein viktig rolle i introduksjonen av nullutsleppsfly i den regionale luftfarten. Det vil vere teknologisk mogleg å etablere ei testrute med nullutsleppsfly på Vestlandet allereie i løpet av anbodsperioden 2024-2028 eller i anbodsperioden 2028-2032. Flyinnkjøp og store anbodsprosessar tar mange år å gjennomføre. For at både fylkeskommunane og flyselskapa skal kunne starte planlegginga i tide, er det allereie no behov for ein statleg insentivpakke for nullutsleppsfly. Ei slik pakke bør mellom anna innehalde fritak frå flypassasjeravgift, fritak for moms på flybillettar og reduserte brukaravgifter til Avinor.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

#### **Vestlandet sin intercity**

Vestlandet er ein landsdel med høge fjell og djupe fjordar. Luftfart har derfor vært ein svært viktig kommunikasjonsform på Vestlandet. Med eit godt utbygd kortbanenett er derfor forholda for regional luftfart på Vestlandet derfor svært gode.

Gjennom det siste tiåret har Norge leda an i ein storstilt transportrevolusjon. Fossile ferjar, busser og bilar fases nå ut i eit stort tempo og blir erstatta med nye nullutsleppsløysningar. I løpet av det kommande tiåret vil ein også få ein revolusjon innan luftfart. Ein revolusjon der fylkeskommunane vil spille ein svært sentral rolle. Resultatet av denne omstillinga vil bli disruptiv for dagens mobilitetsbilete. I framtida kan nemleg nullutsleppsfly knytte saman landsdelen vår på ein heilt ny måte. Nullutsleppsfly kan bli Vestlandet sin intercity.

#### **Omstilling av luftfarten**

Det har i mange år blitt diskutert om nullutsleppsfly vil bli ein realitet eller ikkje - om teknologien vil modnast raskt nok, om batteria vil bli lette nok og om sikkerheitene vil bli like god som for dagens fly. I flybransjen er det ikkje lengre eit tema om nullutsleppsfly vil bli ein realitet eller ikkje. Det er heva over ein kvar tvil. Det einaste spørsmålet er nå kor rasket omstillinga vil gå.

Utviklinga av nullutsleppsfly har allereie komet langt. I 2020 ble verdas første heilelektriske fly sertifisert: Eit tosetars batterielektrisk småfly frå Pipistrel. Fleire slike batterielektriske småflykonseptar vil bli sertifisert i dei kommande to årene. Per dags dato er det fleire norske aktørar som har bestilt nye elfly som nå er i sertifiseringsprosessen. Avinor, Efly AS, SOM Aviation og Universitetet i Tromsø har til saman bestilt 81 batterielektriske småfly som skal leverast ila 2021.

Akkurat som med utviklinga i elbilmarknaden, er det de små nullutsleppsflyene som kommer på marknaden først. Dei store flyprodusentane, Airbus og Boeing jobbar med større hydrogenelektriske fly med passasjerkapasitetar mellom 100 og 200 personar. Disse konseptar vil ta lengre tid å utvikle og forventast på marknaden rundt 2035. Samtidig er det andre produsentar som produsera mindre passasjerfly som vil kunne betene det norske kortbanenettet i løpet av 2020-talet.

#### **Utsifting av flyflåte**

Nullutsleppsfly har fleire fordeler enn at de ikkje slipp ut CO<sub>2</sub> direkte til atmosfæren. Dei er langt meir stillegåande enn konvensjonelle fly, er meir energieffektive og langt billigare å operera. Ein anslår at eit elfly med elektrisk motor og batteri eller hydrogen som energiberar, vil vere opptil 60-80 % billigare å operera enn eit konvensjonelt fly. Dette gjer det høgaktuelt for flyselskapa å fly mindre flymaskiner, med færre passasjerar, men med høgare frekvens og fleire avgangar enn i dag. Slike passasjerfly kan leverast allereie innan få år. Til dømes estimerer den svenske flyprodusenten Heart Aerospace at deira elektriske 19-seters passasjerfly, ES-19 (Figur 1), vil være sertifisert og leveringsklart i 2026. Eit slikt fly vil ha lang nok rekkevidde til bruk på dei fleste av dagens FOT-ruter i Vestland, samt ein rute mellom Bergen og Stavanger.



*Figur 1: ES-19 frå svenske Heart Aerospace. Et 19-seters batterielektrisk passasjerfly med trykkabin som vil kunne betene de fleste FOT-rutene på Vestlandet, samt Bergen - Stavanger.*

Eit slikt fly vil gjere det mogleg å ha et nullutsleppsfly i rute på Vestlandet om få år. Å få det første nullutsleppsfly i rute tidleg vil vere svært viktig for omstillinga til nullutsleppsfly. I dag er det Widerøe som er operatør på alle FOT-rutene på Vestlandet. Widerøe har i dag ei flyflåte som i hovudsak består av gamle Dash-8-fly. Disse Dash-8-flya flyr allereie på overtid og må erstattast med nye fly innan ca. 2030. At dette tidsmessig samanfall med overgangen til nullutsleppsfly er ein gylden moglegheit for å akselerere omstillinga.

Å kjøpe inn nye fly er ein prosess som tar fleire år og som bærer en relativt høy risiko. Widerøe har vært veldig tydeleg på at det er behov for å hauste erfaringar med nullutsleppsfly på en testrute før de kan skifte ut store deler av flåten sin med nye nullutsleppsfly. Vi så det same med dei elektriske ferjene. Erfaringane vi fekk frå den første el-ferja, MF Ampere, ble sentrale for det som etter kvart har blitt en el-ferjevolumasjon i Norge. Ein hausta verdifull kunnskap om frekvens, lading, vedlikehald, osv. På same måte vil ein tidleg testrute med nullutsleppsfly gi flyselskapa, fylkeskommunane og flyplassoperatørane viktige erfaringar med nullutsleppsfly.

### **Insentivpakke for nullutsleppsfly**

I tillegg til elektriske ferjer, er Noreg eit av dei landa som har komet lengst i omstilling av bilparken til elbilar. At Noreg no har ein så høg del av elbilar er i stor grad takka vere den offensive elbilpolitikken som har blitt ført gjennom mange år. Dei økonomiske insentiva for å velje ei elbil framfor ei fossilbil er heilt avgjerande for at så mange i dag køyrer nullutsleppsbilar. Det gav folk flest moglegheita til å velje det alternative som var best både for sin eiga økonomi og for klimaet. Nettopp dette gjelder også for den omstillinga som går føre seg i flybransjen.

I likskap med elbilsatsinga, trenger ein også økonomiske insentiv i omstillinga til nullutsleppsfly. For flyselskapa vil det på sikt bli billigare å nytte eit nullutsleppsfly framfor eit fossilfly, noko som i sin tur på sikt kan føre til lågare innkjøpskostnader på FOT-rutene for fylkeskommunane. I overgangsfasen frå fossil- til nullutsleppsfly vil derimot kostnadane være høgare, både for flyselskapa og fylkeskommunane. Å stimulere marknaden gjennom ein pakke med økonomiske insentiv vil derfor være avgjerande for å få til ein tidleg innfasing av nullutsleppsfly. Ein slik pakke for nullutsleppsfly bør derfor mellom anna innehalde:

- Fritak frå flypassasjeravgift
- Fritak for moms på flybilletter
- Reduserte brukaravgifter til Avinor

Widerøe har vært tydelege ovanfor fylkeskommunen og uttalt at dei vil være i stand til å ta i bruk dei første nullutslepps-passasjerfly når dei kjem på marknaden. Det betyr i praksis at det vil være ein reell moglegheit for å inkludere ei testrute for nullutsleppsfly i løpet av anbudsperioden 2024-2028 eller i anbudsperioden 2028-2032 for FOT-rutene. Til dømes mellom Førde og Bergen eller Bergen og Stavanger.

Anbudsprosessane for innkjøp av FOT-ruter er ein lang og tidkrevjande prosess som går over fleire år. Dersom ein skal ha moglegheita for å starte innfasinga av nullutsleppsfly i dei to neste anbudsperioda, er både fylkeskommunane og flyselskapa avhengig av å få gode og tydelege rammevilkår tidlig. For fylkeskommunane er vil det vere naudsynt for vite kva for moglegheiter og rammar ein har å forhalda seg til ved utforming av anboda. For flyselskapa vil det vere naudsynt for å kunne planlegge overgangen, ta investeringsavgjerder og gjennomføre innkjøp av nye nullutsleppsfly i tide.

Å innføre ein slik pakke allereie no er eit viktig tiltak som vil stimulere marknaden, samtidig som det ikkje vil koste noko før om fleire år (i likskap med tidleg innføring av insentiva for elbilar). Dette har også samferdselsminister, Knut Arild Hareide peikt på i forbindelse med regjeringas forslag til statsbudsjett for 2021. Der har regjeringa føreslått å kutte flypassasjeravgifta for flyreiser med låg- og nullutsleppsfly.

### **Positive fylkeskommunar**

Møre og Romsdal, Rogaland og Vestland har alle uttalt seg positivt til nullutsleppsfly, og alle tre fylka har tatt ei offensiv posisjon.

- **Vestland:** «Vi i Vestland fylkeskommune ser på nullutsleppsfly som en viktig del av mobilitetsbildet i framtida. Vi meiner at nullutsleppsfly kan binde saman fylket vårt på en helt ny måte i framtida. Vårt mål er at dette kan bli framtidas intercity-løysning for Vestlandet. Vi i Vestland fylkeskommune ser på nullutsleppsfly som en viktig del av mobilitetsbildet i framtida. Vi meiner at nullutsleppsfly kan binde saman fylket vårt på en helt ny måte i framtida. Vårt mål er at dette kan bli framtidas intercity-løysning for Vestlandet. Vestland skal være eit pionerområde for nullutsleppsfly»

- **Rogaland:** "Lufthavnene er omfattende logistikkområder med mye infrastruktur. Disse områdene kan derfor brukes som laboratorium for elektrifisering og styring av elkraft, slik Elnett21 framstår. Det er derfor viktig at offentlige tilskuddsordninger legger til rette for prosjekter som kan bidra til mer klimavennlig transport, herunder elektrifisering av kommersiell luftfart."
- **Møre og Romsdal:** "Fylkesutvalet i Møre og Romsdal fylkeskommune er positiv til elektrifiserte fly under føresetnad at sikkerheita vert minst like god som i dag. Kortbanenettet og FOT-rutene kan spele ei viktig rolle i overgangen til elektrifiserte fly. Fylkeskommunane må ha moglegheit til å ta berekraftige val. Fylkesutvalet i Møre og Romsdal fylkeskommune vil difor uttrykke behovet for ei føreseieleg og god støtteordning for elektrifisering av FOT-rutene. Elektrifisering av luftfarten er i samsvar med målet om at Møre og Romsdal fylkeskommune skal bli berekraftfylke nr 1 i Norge. Fylkesutvalet i Møre og Romsdal støtter forslaget om ei tilskotsordning til fylkeskommunane for å dekke meirkostnader knytt til utslippsbaserte kriterium i FOT-anboda. Fylkesutvalet i Møre og Romsdal presiserer behov for midlar slik at fylkeskommunen får høve til å følge den teknologiske utviklinga innan luftfarten og tilhøyrande reguleringsarbeid. Fylkesutvalet i Møre og Romsdal foreslår at det vart lagt til rette for FoU-aktivitetar innan berekraftig luftfart, slik at fylket kan bruke kompetansen innan elektrifisering av maritim næring også innan luftfart."

### **Konklusjon**

Luftfart er ein viktig del av mobiliteten på Vestlandet, og kan med nullutsleppsfly i framtida bli Vestlandets eigen intercity. Omstillinga til nullutsleppsteknologi i luftfarten har allereie kommet langt, og fylkeskommunane vil spille ein viktig rolle i introduksjonen av nullutsleppsfly i den regionale luftfarten. Det vil være teknologisk mogleg å etablere ei testrute med nullutsleppsfly på Vestlandet allereie i løpet av anbodsperioden 2024-2028 eller i anbodsperioden 2028-2032. Både flyinnkjøp og store anbodsprosessar tar mange år å gjennomføre. For at fylkeskommunane og flyselskapa skal kunne starte planlegginga i tide, er det allereie no behov for ein statleg insentivpakke for nullutsleppsfly. Ei slik pakke bør mellom anna innehalde fritak frå flypassasjeravgift, fritak for moms på flybilletter og reduserte brukaravgifter til Avinor.

Saksnr: 2020/36937-10

Saksbehandlar: Jan Heggheim

### Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Vestlandsrådet	20/20	11.11.2020

### Næringsstrategi for Vestlandet - Mandat og styringsgruppe

Forslag til vedtak

1. Vestlandsrådet godkjenner mandat og gruppesamansetning slik det går fram av saka.
2. Status for arbeidet vert rapportert til Vestlandsrådet om lag midt i perioden fram mot levering 1. juni 2021.
3. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjere dei siste justeringar av detaljar i mandat og gruppesamansetning dersom dette blir naudsynt. Fylkesrådmannen får også fullmakt til å lyse ut og engasjere sekretariat i tråd med gjeldande innkjøpslovgjeving.

### Samandrag

Vestlandsrådet vedtok i møte 10. september å setje i gang arbeid med avklaring av mandat for vedtak i rådet. Fylkesrådmannen kjem no tilbake til rådet med forslag til mandat og samansetjing av styringsgruppa. Som det går fram av vedtaket frå september, vert det sett av 500.000 kr til arbeidet.

Det vert vist til vedlagt mandat. Arbeidet er føresett igangsett straks det er gjort avtale om leveranse av sekretariatstenester.

Saka har vore oppe til drøfting i Vestlandsrådet fleire gonger, og fylkesrådmannen legg difor fram mandat og samansetjing av styringsgruppe til vedtak utan vidare saksutgreiing.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Jan Heggheim  
fagdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

### Vedlegg

- 1 Næringsstrategi for Vestlandet - prosjektorganisering



## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Forslag til mandat:

Næringsstrategi for Vestlandet

Prosjekteigar: Vestlandsrådet

Planlagt startdato: Etter møte i Vestlandsrådet 10. november eller etter nærare vedtak

Planlagt sluttdato: 1. juni 2021

Samfunns mål:

Vestlandet som staden med verdslieande, berekraftig næringsliv og arbeidsplassar, basert på oppsamla kunnskap i eksisterande næringsliv.

Effektmål:

Sikre nasjonale rammevilkår for ny vekst og omstilling for framtidens arbeidsplassar på Vestlandet. Det er føresett at dette skjer innanfor rammene av FN17

Resultatmål:

Gjennomføre ein prosess med systematisering av kunnskapsgrunnlag og utarbeide eit strategidokument for overordna næringsstrategi på Vestlandet.

Delmål:

- Eit systemisert kunnskapsgrunnlag frå alle tre fylka
- Ei tydeleg framstilling av kvar Vestlandet har potensial for vekst
- Ved bruk av entreprenørielle oppdagingsreiser (EDP) og annan Smart Spesialisering-metodikk sjå etter beslekta næringar og nye kombinasjonar
- Tydelege råd om kva regulatoriske rammevilkår som må til for å oppnå veksten, og kva endringar som må gjerast i den sentrale næringspolitikken (døme: skatt/avgift) og kva vilkår som må finnast i den regionale næringspolitikken (døme verkemiddel hos Innovasjon Norge, Siva, Norges Forskningsråd, fylkeskommunane)

Hovudinnretning for arbeidet

*Næringsstrategien skal tene som ein plattform for å hevde felles standpunkt frå vestlandsfylka i samtalen med nasjonale styresmakter. Strategien skal bygge på regionale planer og relevante strategiar i fylka. Saker som skil fylka, eller der dei er usamde om vektlegging og framgangsmåte, vert å handsame og fremje i det enkelte fylke.*

Leveranse:

Prosjektet skal levere forslag til mål, strategiar og tiltak for utvikling av næringslivet på Vestlandet med utgangspunkt i dei analysar som ligg føre i planarbeidet i vestlandsfylka. Strategiar og tiltak må svare til «hovudinnretning på arbeidet» i dette mandatet. Hovudfokus skal vere på «den store omstillinga».

Kvifor næringsstrategi?

Vestlandsrådet har i fleire møte drøfta utfordringane med «den store omstillinga», og gjorde slikt vedtak i møte 10. september 2020:

1. Vestlandsrådet stiller seg bak det skisserte opplegget for organisering og framdrift i arbeidet med ein overordna næringsstrategi for Vestlandet.

2. Vestlandsrådet peiker ut følgjande rådsmedlemer i styringsgruppa for arbeidet:

- Tore Andre Ljosland
- Solveig Ege Tengesdal
- Per Vidar Kjølmoen

3. Vestlandsrådet ber om at det vert sett i gang eit forprosjekt for avklaring av mandat for vidare arbeid med overordna næringsstrategi for Vestlandet, og at dette vert lagt fram for handsaming i Vestlandsrådet.

4. Vestlandsrådet nyttar inntil kr 500.000 av eigne midlar til arbeidet med overordna næringsstrategi for Vestlandet.

Interessentar:

**Vestlandsrådet har i saksutgreiinga nemnt følgjande partar:**

Næringslivet ved større og mindre bedrifter  
 Næringsklynger, bransjeorganisasjonar, næringsråd  
 Bank og finansnæringa  
 Forskingsmiljøa, universitets- og høgskulesektoren  
 Miljøorganisasjonar  
 Reiselivsnæringa  
 Vestlandsfylka

**I tillegg skal ein i arbeidet med næringsstrategi involvere følgjande partar:**

Arbeidslivsorganisasjonane  
 Frivillig sektor elles  
 Regional stat inkludert Innovasjon Norge, Siva  
 Kommunane

Styrande dokument:

**Rogaland** arbeider med «Nærings- og innovasjonsstrategi for Rogaland». Planlagt vedteken i desember 2020.

**Vestland** arbeider med «Regional plan for næring og innovasjon». Planprogrammet er venta vedteke september 2020, planen venta vedteken i juni 2021.

**Møre og Romsdal** held på med fleire parallelle planer, men viktigast er fylkesplan for Møre og Romsdal 2021 - 2024. Der blir utarbeidd ein fylkesstrategi for internasjonalt samarbeid, for miljø, klima og energi, og for Forsking og innovasjon.

Organisering av arbeidet:

Prosjekteigar:	Vestlandsrådet
Prosjektansvarleg:	Fylkesrådmannen
Prosjektleiing:	Fylkesdirektør/etatsleiar i fylket med ansvar for sekretariat
Styringsgruppe:	Representantar frå Vestlandsrådet: Tor Andre Ljosland, Vestland fk Solveig Tengesdal, Rogaland fk Per Vidar Kjølmoen, Møre og Romsdal fk
	Eksterne deltakarar: Terje Handeland, Valide Maren Skjelde, Glad Mat Per Erik Dalen, Ålesund kunnskapspark Stein Ove Rolland, Fjord Norge Agnes Gundersen, Møreforsking Owe Hagesæther, GCE Ocean Technology Bjørn Lødemel, Sogn og Fjordane næringsråd Geir Inge Lunde, Initiativ Vest Dag Rune Olsen, Universitetet i Bergen Representant frå marin sektor

Forventingar til styringsgruppa:

Det vert ei stor styringsgruppe, men Vestlandsrådet ynskjer å involvere mange i styringa av prosjektet.

Det vert lagt opp til 5 møter, fysisk eller digital form blir bestemt av utviklinga i nasjonale råd i samband med koronapandemien.

Prosjektgruppe og sekretariat:

Utpeikte repr. fylkesrådmennene i fylka (næringsavdelingane):

Prosjektleiar: Etter utlysing  
 Bergljot Landstad, Møre og Romsdal fylkeskommune  
 Kristoffer Jenssen, Møre og Romsdal fylkeskommune  
 Bård Sandal, Vestland fylkeskommune  
 Jan Heggheim, Vestland fylkeskommune  
 Mette Fossan, Rogaland fylkeskommune  
 Iver Jan Leren, Rogaland fylkeskommune

NN, innleigd sekretariat

Det står desse fritt til å engasjere medarbeidarar frå eigen organisasjon til enkeltoppdrag. Det går fram av vedtaket at det kan kjøpast ekstern sekretariatskapasitet. Det er føresett at dette skjer i tråd med lov om offentlege anskaffelsar.

Framdrift og hovudmilepålar:

Kva	Korleis/kor tid	Ansvarleg organ
Oppstartsvedtak	10. november	Vestlandsrådet
Etablering av sekretariat	Anbud - 15. desember	Prosjektleiing
Løypemelding/delrapport	Tidleg 2021, februar	Vestlandsrådet - AU?
Høyringsvedtak	Ultimo mars	Vestlandsrådet
Utkast ferdig	1. juni	Prosjektleiing
Vedtak strategi	Møte juni	Vestlandsrådet

## Saksgang

---

Vestlandsrådet

10.09.2020

## Næringsstrategi for Vestlandet - prosjektorganisering

### Forslag til vedtak

1. Vestlandsrådet stiller seg bak det skisserte opplegget for organisering og framdrift i arbeidet med ein overordna næringsstrategi for Vestlandet.
2. Vestlandsrådet peiker ut følgjande rådsmedlemer i styringsgruppa for arbeidet:
  - 1....., leiar av styringsgruppa
  - 2.....
  - 3.....
3. Vestlandsrådet ber om at det vert sett i gang eit forprosjekt for avklaring av mandat for vidare arbeid med overordna næringsstrategi for Vestlandet, og at dette vert lagt fram for handsaming i Vestlandsrådet.
4. Vestlandsrådet nyttar inntil kr 500.000,- av egne midlar til arbeidet med overordna næringsstrategi for Vestlandet.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

På møte i Vestlandsrådet, 20.mai 2020, vart det vedteke uttale til revidert nasjonalbudsjett, der det vart uttalt at Vestlandsrådet ville sette av ressursar til eit ekspertutval for å utforme mål, strategiar og tiltak for å skape ny vekst og omstilling i næringslivet på Vestlandet.

På møte i Vestlandsrådet, 25.juni 2020, vart det handsama sak om ekspertutval for overordna næringsstrategi for Vestlandet. Det vart gjort slikt vedtak:

1. *«Vestlandsrådet går ikkje inn for å opprette ei ekspertutval for utarbeiding av overordna næringsstrategi for Vestlandet, slik det tidlegare var omtalt i uttale, vedteken i møte, 20.mai 2020.*
2. *Vestlandsrådet ber fylkesrådmannen legge fram eit alternativt opplegg for arbeid med overordna næringsstrategi for Vestlandet på neste møte i Vestlandsrådet.»*

Fylkesrådmannen legg med dette fram ei sak med alternativt opplegg for oppstart og vidare arbeid med overordna næringsstrategi for Vestlandet.

### Behov for ein felles overordna næringsstrategi på Vestlandet for vekst og omstilling

Fylka på Vestlandet har sine særtrekk, men også svært mange felles utfordringar for næringsutvikling og sysselsetting som krev dei same løysingane. Dette kjem tydeleg fram i uttalen til revidert nasjonalbudsjett som vart vedteke på møte i Vestlandsrådet, 15.april 2020:

*«Det er no vi skal skape framtidens arbeidsplassar på Vestlandet! Vestlandet er den viktigaste eksportregionen i landet, med om lag 39% av den samla eksportretta verdiskapinga, utanom olje og gass. Med olje- og gassindustrien i tillegg er Vestlandet derfor landets skattkammer, der verdiskapinga i næringslivet er av særleg betydning for landets nasjonale økonomi. Nasjonale styresmakter har derfor eit særleg ansvar for å bidra til ei positiv næringsutvikling og sysselsetting i denne delen av landet. Kombinasjonen av koronapandemi og fallande oljepris, medfører svært store utfordringar for næringslivet på Vestlandet. Koronapandemien har ført til eit historisk lågt forbruk av fossil brensel, og med den lågaste oljeprisen på minst 18 år, gir dette eit særleg mørkt framtidssbilde for næringsliv som er direkte og indirekte påverka innanfor olje- og gassektoren. Også anna eksportnæring opplever store utfordringar. Vestlandet har til dømes ein svært stor del utanlandske reisande som i alle fall på kort sikt er fråverande. Dei langsiktige verknadene vil for mange verksemdar vere alvorlege. Høge oljeprisar over tid har kamuflert at Norge er det OECD-landet som har tapt dei største eksportandelane dei siste 20 åra. Olje og gass står i dag for rundt halvparten av norsk eksport. Med sannsynlegvis framleis låg oljepris vil produksjonen på norsk sokkel falle markant frå 2025 og utover. Norsk fastlandseksport må doblast fram mot 2040 for å kompensere for fallet i framtidige oljeinntekter. Skal vestlandsk næringsliv bli meir robust og klar for ei klimavenleg og berekraftig framtid, må innsatsen rettast mot næringar som har størst potensial for låge klimautslipp, god lønsemd og internasjonal vekst. Fem næringar som utmerker seg med stort potensial for grøn eksportretta vekst og høve til god lønsemd er fornybar energi, sjømat, maritime næringar, prosessindustri og reiseliv. Det er umogleg for ein liten nasjon som Norge, og ein region som Vestland, å påverke prisnivået og etterspørselen på ei internasjonal vare som olje eller gass. Det same vil gjelde dei fleste varer og tenester for eksport. Vestlandsrådet merkar seg fleire tiltak i revidert nasjonalbudsjett som kan ha positiv effekt på situasjonen i eksportbedriftene på kort sikt. Vestlandsrådet er samstundes oppteken av å komme over i ein fase der vidare næringsutvikling får tilstrekkeleg merksemd. Fylkeskommunane har samla fått 500 mill.kr i revidert nasjonalbudsjett, også dette for å bøte på kortsiktige utfordringar. Desse løyvingane vil ikkje gjere fylka i stand til å drive utviklingsarbeid for å løyse kritiske utfordringar for framtidig verdiskaping på Vestlandet. Vestlandsrådet vil sette av ressursar til eit ekspertutval for å greie ut mål, strategiar og tiltak for å skape ny vekst på Vestlandet. Gjennom eit slikt utval vil Vestlandsrådet mobilisere bransjar, organisasjonar, etatar, kommunar osv, for å avklare retning og tiltak i det vidare omstillingsarbeidet for deler av*

*næringslivet på Vestlandet. Siktemålet er å legge fram forslag til slike strategiar og tiltak for omstilling i løpet av våren 2021. Vestlandsrådet ventar statleg medverknad i prosessen og i gjennomføring av tiltak. Denne prosessen vil vere eit grunnlag for at regjeringa og Stortinget etter kvart kan innføre nye målretta tiltakspakkar for å vidareføre verdiskapinga i det nasjonalt viktige eksportretta næringslivet på Vestlandet. Vestlandsrådet varslar med dette om behov for nasjonal støtte til å utvikle tiltak og virkemiddel som raskt kan stimulere aktiviteten i eksportbedriftene med tanke på nye marknader og nye produkt. Innsatsen må rettast mot marknader og produkt som har stort potensial, der produkta kan framstillast og distribuerast på ein berekraftig måte. Dette er ei omstilling utan sidestykke i norsk næringsliv, og som vil krevje ytterlegare nasjonal og regional innsats i tida framover.»*

### Fylkeskommunane sitt plan- og strategiarbeid for næringsutvikling

Alle dei tre fylkeskommunane er i gang med Regional planstrategi, slik dei er pålagde etter Plan- og bygningslova. Parallelt med den regionale planstrategien, er det og under utarbeiding ulike planar og strategiar på næringsområdet:

**Rogaland** arbeider med «Nærings- og innovasjonsstrategi for Rogaland». Planlagt vedteken i desember 2020.

**Vestland** arbeider med «Regional plan for næring og innovasjon». Planprogrammet er venta vedteke september 2020, planen venta vedteken i juni 2021.

**Møre og Romsdal** held på med fleire parallelle planer, men viktigast er fylkesplan for Møre og Romsdal 2021 - 2024. Der blir utarbeidd ein fylkesstrategi for internasjonalt samarbeid, for miljø, klima og energi, og for Forsking og innovasjon.

Arbeidet med den overordna næringsstrategi for Vestlandet må naturlegvis samordnast med pågåande plan- og strategiarbeid for næringsutvikling i dei tre fylkeskommunane.

### Overordna næringsstrategi for Vestlandet - prosjektorganisering

Fylkesrådmannen legg opp til å gjennomføre eit forprosjekt for utarbeiding av mandat med rammer, innhald og innretning i ein overordna næringsstrategi for Vestlandet. Vestlandsrådet godkjenner forprosjektet og mandatet, slik at hovudprosjekt vert sjølv strategien.

Det vert lagt opp til følgjande prosjektorganisering for arbeidet med både forprosjekt og hovudprosjekt;

<u>Prosjekteigar:</u>	Vestlandsrådet, som godkjenner mandat
<u>Prosjektansvarleg:</u>	Fylkesrådmannen
<u>Prosjektleiing:</u>	Repr. for fylkesrådmannen
<u>Styringsgruppe:</u>	Representantar frå næringslivet (næringsklynger, bransjeorganisasjonar, næringsråd osv. ) Representantar frå bank og finans Representantar frå FoU Representantar frå miljøorganisasjonar Representantar frå Vestlandsrådet
<u>Prosjektgruppe:</u>	Utpeikte repr. fylkesrådmennene i fylka (næringsavdelingane)
<u>Effekt mål:</u>	Sikre nasjonale rammevilkår for ny vekst og omstilling for framtidens arbeidsplassar på Vestlandet.
<u>Resultat mål:</u>	Gjennomføre ein prosess med kunnskapsinnhenting og utarbeide eit strategidokument for overordna næringsstrategi på Vestlandet.

Rapportering:

Prosjektansvarleg vil i første fase be styringsgruppa utforme eit mandat for ein overordna næringsstrategi for Vestlandet, som vil bli lagt fram for Vestlandsrådet. Deretter vil det bli lagt opp til milepelsrapportering fram mot sluttrapport som skal ligge føre innan utgangen av mai 2021.

Ressursar:

Fylka stiller personalressursar til rådvelde. Det vil og bli naudsynt med ekstern konsulentbistand i arbeidet med dokumentasjon, analyse og framstilling. Den økonomiske ressursbruken til dette føremålet er avgrensa til kr 500 000,-

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Vestlandsrådet		11.11.2020

---

## Politisk plattform for Vestlandsrådet 2020-2023

Forslag til vedtak

Vestlandsrådet vedtek politisk plattform for Vestlandsrådet i perioden 2020-2023, slik den er tilrådd frå AU i saksframstillinga.

Jon Askeland  
leiar av Vestlandsrådet

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*



## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

På møte i Vestlandsrådet, 25.juni 2020, vart det i sak om politiske satsingsområder for Vestlandsrådet 2020-2023, gjort følgjande vedtak;

1. *For å tydeleggjere Vestlandsrådet si rolle som samarbeidsorgan for samordning av politisk innsats, etablering av samhandlingsarenaer, og kunnskapsdeling på tvers av fylkesgrensene, vil det vere nødvendig å prioritere politiske satsingsområder for arbeidet i Vestlandsrådet i perioden 2020-2023.*
2. *Vestlandsrådet ber arbeidsutvalet (AU) i samråd med fylkesrådmennene legge fram forslag til slike politiske satsingsområder i løpet av hausten 2020.*

Vestlandsrådet AU legg i denne saka fram eit forslag til politiske satsingsområder for Vestlandsrådet i perioden 2020-2023.

### Gjeldande politisk plattform for Vestlandsrådet, vedteke 21. juni 2019

På møte i Vestlandsrådet, 21.juni 2019, var følgjande politiske plattform for Vestlandsrådet vedteke:

*«Vestlandsrådet er danna for å utgjera ei politisk kraft som er sterkare enn den dei deltakande fylkeskommunane har kvar for seg. Fylka på Vestlandet har mange felles utfordringar. Vi kan oppnå meir gjennom å samle kreftene for å utvikle Vestlandet og for å løyse våre felles utfordringar.*

*Fylka på Vestlandet har eit framtidretta næringsliv basert på ressursane i havet og stor aktivitet langs kysten. Vi har bysentra som viser stor vekstkraft og som er viktige for omliggjande kommunar. Store område på Vestlandet er likevel prega av stagnasjon. Naturen gir oss mulegheiter, men utgjer også hindringar for å få effektive samband, t.d. nord-sør. Vestlandsrådet skal heile tida vere merksame på politiske prosessar som gjeld rammevilkåra for utvikling på Vestlandet, og vi må sikre handlingsrom til å gjere det viktige og det riktige regionalt.*

*Dei fire fylkeskommunane på Vestlandet skal gjennom arbeidet i Vestlandsrådet:*

- *Styrke landsdelen, både nasjonalt og internasjonalt*
- *Koordinere den politiske innsatsen til beste for landsdelen*
- *Fremme politiske saker av felles interesse*
- *Aktivt påverke rammevilkår for landsdelen og medlemsfylka*
- *Skape samhandlingsarenaer på Vestlandet*
- *Ta initiativ til samarbeidsprosjekt på tvers av fylkesgrensene*

*Storbyane Bergen og Stavanger får tilbod om observatørstatus i Vestlandsrådet med møte- og talerett. Vestlandsrådet skal finne ei form og ein innretning på sitt arbeid som gjev storbyane ein vinst ved å delta aktivt inn mot Vestlandsrådet. Vestlandsrådet har særleg innanfor følgjande saksområde ambisjonar om å påverke samfunnsutviklinga på Vestlandet:*

#### 1. SAMFERDSLE

*Gode kommunikasjonar er ein kritisk faktor for å sikre konkurransekraft og høg verdiskaping i dei fire vestlandsfylka. Betring av kommunikasjonane er sentralt også for å gjere landsdelen meir attraktiv å busette seg i.*

*Vestlandsrådet vil difor arbeide for effektive og klimavenlege transportløyser både internt på Vestlandet og mot resten av landet og mot utlandet.*

*Vestlandsrådet rettar innan samferdsle sitt hovudfokus mot:*

- *Ferjefri og opprusta E39 Kristiansand-Trondheim: Oppfølging og vidare arbeid.*
- *Kostnadsutviklinga for fylkesvegferjene.*

- *Forfallet på vegnettet og å ta att vedlikehaldsetterslepet på viktige vegstrekningar. Vestlandsrådet legg særleg vekt på å syte for tilstrekkelege økonomiske rammer til prioriterte prosjekt, m.a. gjennom felles innspel til Nasjonal transportplan (NTP).*
- *Auka statleg satsing på rassikring. Rasfaren er ei stor utfordring på vestlandsvegane. Gjennom dagens øyremerka tilskot må staten styrke rassikringa i tråd med det samla rassikringsbehovet, og støtte den nasjonale rassikringsgruppa i kravet om at all offentleg veg skal vere rassikra innan 2030.*
- *Vestlandsrådet peikar ut medlemmer til det nasjonale rassikringsutvalet.*
- *Utsleppsfri transport*
- *Grenseoverskridande billetteringsystem på Vestlandet*
- *Felles autopassordningar for ferjer og bomstasjonar*

## 2. FELLESPROSJEKT MELLOM DEI FIRE FYLKESKOMMUNANE

*Vestlandsrådet skal fremje politiske fellesprosjekt som det særleg skal arbeidast med på ein systematisk måte for å bidra til politikktutforming, til å fremje utvikling på Vestlandet og å setje sentrale saker på dagsorden.*

*Vestlandsrådet skal prioritere følgjande fellesprosjekt:*

- *Infrastruktur- og nettutvikling innanfor energisektoren*
- *Statlege arbeidsplassar på Vestlandet (lokalisering og Vestlandet sin relative del)*
- *Vekstmulegheiter, utfordringar og rammevilkår innanfor marine næringar*
- *Næringsretta FoU-arbeid og utdanningstilbod*
- *Reiseliv*
- *Prosjekt innan klima og miljø*

## 3. POLITISK BEREDSKAP

*Vestlandsrådet skal særleg gjennom AU ha ein politisk beredskap for å følgje opp saker som er sentrale for utvikling av Vestlandet. Dette inneber å nytte nettverk og informasjonskanalar aktivt for å fange opp viktige politiske signal og prosessar som er av særleg interesse for eitt eller fleire av Vestlandsfylka, og der det er naturleg å følgje dette opp politisk gjennom uttaler, politisk påverknad og gjennom å følgje opp gjennom nye tiltak og prosjekt. Vestlandsrådet skal og ta initiativ til fellesmøte med representantar frå regjeringa og Stortinget.*

## 4. INTERNASJONALT ARBEID

*Vestlandsrådet styrkar den politiske deltakinga og koordineringa i organisasjonane The Conference of Peripheral Maritime Regions (CPMR) og North Sea Commission (NSC). Vestlandsrådet skal vere aktiv i den politiske diskusjonen i saker relatert til Nordsjøregionen, og sikre gode kommunikasjonskanalar inn mot relevante norske departement. Vestlandsrådet skal ivareta Vestlandet sine interesser i arbeidet med forvaltingsplanar for Nordsjøen og Norskehavet og opprettheld engasjementet i samarbeidsorganisasjonen NORA. Vestlandsrådet skal også koordinere ei aktiv deltaking frå Vestlandsfylka i gjennomføringa av strategien «North Sea Region 2020».*

## 5. KULTUR - IDENTITET

*Vestlandsrådet engasjerer seg i saker kring kultur og identitet som er viktige i eit vestlandsperspektiv. Landsdelen vår er eit kjerneområde for nynorsk, og vi vil derfor ha eit aktivt forhold til nynorsken som tale- og skriftspråk. Vestlandsrådet ønskjer at den særeigne fjord- og kystkulturen vert synleg, mellom anna i reiselivet.»*

## Vestlandsrådet AU sine innspel og vurderingar av ny politisk plattform for Vestlandsrådet i perioden 2020-2023

Fylkesordførarane i Vestlandsrådet AU har kome med innspel til og drøfta ny politisk plattform for Vestlandsrådet i perioden 2020-2023. Fylkesordførarane har gjort følgjande vurderingar av endringar i høve til gjeldande politiske plattform:

### Innleiing

- Første kulepkt i avsnitt 3 vert teke ut og integrert i første avsnitt.
- Ikkje kun fokusere på utfordringar, men også på muligheiter i første avsnitt.
- Bytte ut stagnasjon i avsnitt 3 med tilbakegang i folketal og sysselsetting
- Kap 3 om Politisk beredskap vert vurdert til ikkje å vere eit eige politisk saksområde og flytta til innleiinga for å beskrive korleis Vestlandsrådet skal samarbeide - m.a gjennom politisk beredskap på aktuelle saker med felles interesse for landsdelen.
- Kap 4 om Internasjonalt arbeid vert tilsvarande vurdert til ikkje å vere eit eige politisk saksområde, og flytta til innleiinga. Teksten er tilpassa Vestlandsrådet si rolle opp mot internasjonale samarbeidsorgan.
- Siste avsnitt i innleiinga om byane Bergen og Stavanger, må også inkludere Ålesund som den største byen i Møre og Romsdal.
- Vestlandsrådet som konsensusorgan

### Verdiskaping og sysselsetting

Nytt kapittel med fokus på rammevilkår for ressursutnytting, næringsutvikling og omstilling.

### Samferdsel

- Tydlegare forventning i første kulepunkt om nasjonal satsing på ferjefri og opprusta E39 Kristiansand -Trondheim
- Kulepkt om kostnadsutvikling for fylkesvegferjene vert utforma til også å inkludere snøggbåtar, samt formulering om sterkare statleg finansiering, for satsing på modernisering og miljøvenleg ferje- og snøggbåtdrift.
- Tunnelsikkerhetsforskrifta rammar Vestlandet særleg hardt, og vert inkludert i kulepkt om forfallet på vegnettet og vedlikehaldsetterslepet.
- Kulepkt om om utsleppsfri transport går ut og vert ivareteke av formulering om miljøvenleg ferje- og snøggbåtdrift.
- Kulepkt om nasjonal rassikringsgruppe går ut, da det er fylkeskommunane som peiker ut medlemmer til den nasjonale rassikringsgruppa
- Kulepkt om grenseoverskridande billetteringssystem på Vestlandet er delvis implementert og kan gå ut
- Kulepunkt om felles autopassordningar for ferjer og bomstasjonar er implementert og kan gå ut
- Nytt kulepkt om nærskipfart for godstransport på Vestlandet

### Fellesprosjekt mellom dei tre fylkeskommunane

- Fellesprosjekt er ein måte å samarbeide på i Vestlandsrådet innanfor dei prioriterte satsingsområda. Går derfor ut som eige kapittel og vert omtalt i innleiinga.

### Politisk beredskap

- Dette omhandlar særleg kva rolle Vestlandsrådet AU skal ha i samarbeidet og vert innarbeidd i innleiinga til den politiske plattformen.

### Internasjonalt arbeid

- Omtalen i gjeldande plattform er misvisande om Vestlandsrådet si rolle i høve til internasjonale samarbeidsorgan. Internasjonalt arbeid vert heller ikkje oppfatta som eit politisk satsingsområde i seg sjølv, slik at omtale vert flytta fram i innleiinga.

### Kultur - identitet

- Den politiske plattformen bør i størst mogeleg grad kun omfatte dei overordna prioriterte satsingsområda for utvikling av landsdelen. Det vert derfor føreslått at temaet kulturidentitet kan gå ut som politisk satsingsområde, men heller vere eit av fleire tema som til ei kvar tid vert aktualisert innanfor den politiske beredskapen til Vestlandsrådet.

### **Vestlandsrådet AU sitt forslag til ny politisk plattform for Vestlandsrådet i perioden 2020-2023**

Med utgangspunkt i drøftingar av innspel og vurderingar av ny politisk plattform for Vestlandsrådet i perioden 2020-2023, legg Vestlandsrådet AU fram følgjande forslag til ny politisk plattform for Vestlandsrådet i perioden 2020-2023:

*«Vestlandsrådet er danna for å styrke landsdelen, både nasjonalt og internasjonalt, og utgjør ei politisk kraft som er sterkare enn den dei deltakande fylkeskommunane er kvar for seg. Fylka på Vestlandet har mange felles muligheiter og utfordringar. Vi kan oppnå meir gjennom å samle kreftene for å utvikle Vestlandet, for å utnytte felles muligheiter og for å løyse våre felles utfordringar.*

*Fylka på Vestlandet har eit framtidretta næringsliv basert på ressursane i havet og stor aktivitet langs kysten. Vi har bysentra som viser stor vekstkraft og som er viktige for omliggjande kommunar. Store område på Vestlandet er likevel prega av tilbakegang i folketal og sysselsetting. Naturen gir oss mulegheiter, men utgjør også hindringar for å få effektive samband, t.d. nord-sør. Vestlandsrådet skal heile tida vere merksame på politiske prosessar som gjeld rammevilkåra for utvikling på Vestlandet, og vi må sikre handlingsrom til å gjere det viktige og det riktige regionalt.*

*Dei tre fylkeskommunane på Vestlandet skal gjennom arbeidet i Vestlandsrådet:*

- *Koordinere den politiske innsatsen til beste for landsdelen*
- *Fremme politiske saker av felles interesse*
- *Aktivt påverke rammevilkår for landsdelen og medlemsfylka*
- *Skape samhandlingsarenaer på Vestlandet*
- *Ta initiativ til samarbeidsprosjekt på tvers av fylkesgrensene*

*Vestlandsrådet er eit konsensusorgan og skal så langt råd fremje politiske fellesprosjekt som det særleg skal arbeidast med på ein systematisk måte for å bidra til politikktutforming, til å fremje utvikling på Vestlandet og å setje sentrale saker på dagsorden.*

*Vestlandsrådet skal særleg gjennom AU ha ein politisk beredskap for å følgje opp saker som er sentrale for utvikling av Vestlandet. Dette inneber å nytte nettverk og informasjonskanalar aktivt for å fange opp viktige politiske signal og prosessar som er av særleg interesse for eitt eller fleire av Vestlandsfylka, og der det er naturleg å følgje dette opp politisk gjennom uttaler, politisk påverknad og gjennom å følgje opp gjennom nye tiltak og prosjekt. Vestlandsrådet skal og ta initiativ til fellesmøte med representantar frå regjeringa og Stortinget.*

*Dei største byane i kvart fylke, Bergen, Stavanger og Ålesund får tilbod om observatørstatus i Vestlandsrådet med møte- og talerett. Vestlandsrådet skal finne ei form og ein innretning på sitt arbeid som gjev storbyane ein vinst ved å delta aktivt inn mot Vestlandsrådet.*

*Vestlandsrådet skal aktivt koordinere aktuelle politiske spørsmål og saker relatert til Nordsjøregionen, og ivareta Vestlandet sine interesser i arbeidet med forvaltingsplanar for Nordsjøen og Norskehavet gjennom engasjementet i samarbeidsorganisasjonen NORA.*

*Vestlandsrådet har særleg innanfor følgjande saksområde ambisjonar om å påverke samfunnsutviklinga på Vestlandet:*

#### **1. VERDISKAPING OG SYSSELSETTING**

*Vestlandet er eit av europas mest ressursrike områder og Norges skattkammer. Både gjennom olje- og gassutvinninga og øvrig eksportretta næringsverksemd bidreg Vestlandet til betydelege inntekter til nasjonaløkonomien. Landsdelen har store muligheter for vidare utvikling og innovasjon, men også utfordringar med omstilling og etablering av nye næringar når olje- og gassverksemda vert fasa ut.*

*Vestlandsrådet vil innrette sitt arbeid innanfor verdiskaping og sysselsetting mot;*

- *Det blå skiftet - utvikling og innovasjon innanfor marin og maritim næring*
- *Det grønne skiftet - innovasjon og teknologiutvikling i næringslivet, inkludert utvikling av nye energikjelder som hydrogen og havvind*
- *Reiselivsskiftet - turisme og opplevingar med minst mogleg miljø- og klimaavtrykk*

## *2. SAMFERDSLE OG KOMMUNIKASJONAR*

*Gode kommunikasjonar er ein kritisk faktor for å sikre konkurransekraft og høg verdiskaping i dei fire vestlandsfylka. Betring av kommunikasjonane er sentralt også for å gjere landsdelen meir attraktiv å busette seg i.*

*Vestlandsrådet vil difor arbeide for effektive og klimavenlege transportløysingar både internt på Vestlandet og mot resten av landet og mot utlandet.*

*Vestlandsrådet rettar innan samferdsle sitt hovudfokus mot:*

- *Nasjonal satsing og prioritering av ferjefri og opprusta E39 Kristiansand-Trondheim som hovedsamband nord-sør på Vestlandet.*
- *Styrka finansiering av ferjedrifta, inkludert kompensasjonsordning for modernisering og utsleppsreduksjon i ferje- og snøggåtdrifta.*
- *Sikre økonomiske rammer til å ta att vedlikehaldsetterslepet og innfri tunnelsikkerheitsforskrifta på fylkesvegnettet.*
- *Auka statleg satsing på rassikring. Rasfaren er ei stor utfordring på vestlandsvegane, og all offentleg veg må vere rassikra innan 2030.*
- *Styrke rammevilkåra for godstransport med nærskipsfart langs hamner på Vestlandet*